

ÅRSMØTE 2018 Møtereferat.

Stad: Thon Sandven Hotel

Tid: 20. februar 2018 kl 19:00 -21:00

Frammøtte: 22 medlemmer

Årsmøtesaker.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Samrøystes godkjent.

2. Møteleiar, referent og underskrifter.

Møteleiar: Jahn Brattli Tolo

Referent: Torleiv Ljones

Underskrift årsmøteprotokoll: Georg Aarhus, Martin Lunestad

3. Årsmelding

Årsmeldinga som var utsend til medlemene og vart gjennomgått av dagleg leiar.

Vedtak: Samrøystes godkjent.

4. Rekneskap 2017

Rekneskapen for 2017 syner eit underskot på kr 541,-.

Kvam Næringsråd har kr 245.922,69 på bankkonto ved årsskiftet.

Uteståande krav er kr 221.153,- og leverandørgjeld er kr 30.312,-.

Samla godtgjersle til dagleg leiar i 2017 er kr 240.000,-.

Årets underskot vert dekkja av eigenkapitalen i KNR som 31.12. 2017 er kr 401.892,-

Revisjonsmelding vart framlagt.

Vedtak: Samrøystes godkjend-

5. Budsjett for 2018

Det er kalkulert med 260.000 i inntekter av medlemspengar og samla inntekter på kr 1.237.000. Budsjettet er gjort opp med kr 22.750,- i overskot.

Vedtak: Forslaget vart samrøystes godkjend.

6. Handlingsplan for 2018.

1. halvår 2018.

- Januar – februar . HEIMA-magasin
- 20. Februar Årsmøte på Thon Sandven
- Februar – april. ZIP-line – prosjektarbeid
- Februar/mars – Medlemsmøte om arealplanen til Kvam herad.
- 20. mars. HEIMA 1/2018 ligg i postkassane
- Mars – april. Vegløyisingar mot Kvamskogen – medlemsmøte
- Mars – april Visit Kvam. Laga ny internettside
- April: Reiseliv – aktivitetsmanual for reiselivet
- Mai/juni: Turstiar – turkort, skilt og opplysningstavler
- Mai – juni. ZIP-line. Arbeid med investorar. Tur til Austerrike?
- Veke 23. Medlemsmøte med sesongavslutning

2. halvår 2018

- August/september: Heima-magasin
- 3. oktober. HEIMA 2/2018 ligg i postkassane.
- September ZIP-line - skiping av eigarselskap?

- Oktober: Medlemsmøte

Vedtak: Samrøystes godkjend.

7. Medlemspengar for 2018.

Privatperson	kr 566,-
1 – 5 årsverk	kr 1133,-
6 – 10 årsverk	kr 2266,-
11- 25 årsverk	kr 4.532,-
26 – 50 årsverk	kr 9.064
Over 50 årsverk	kr 11.330

I tillegg til dette kjem mva.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek ein auke på 3% av medlemspengar i 2018.

8. Val av styre, revisor og valnemnd for 2017.

Valnemnda sitt framlegg vart gjennomgått av Leif Gjerde:

Styreleiar: Sigrun Løkken	1 år ny
Nestleiar: Runar Botnen	2 år attval (som styremedlem)
Styremedlem: Øystein Utne	2 år ny
Styremedlem: Erlend Haugarvoll	Ikkje på val i 2018
Styremedlem: Connie Langeland	Ikkje på val i 2018

Varamedlemer

1. Gunnar Egil Seljebotn 1 år attval
 2. Heidi Helgheim 1 år attval
- Revisor: Anne Marie Øvrevik 1 år ny

Valnemnd for neste årsmøte:

Jahn Brattli Tolo, Henrik Steine, og Anne Grete Berge.

Jahn Brattli Tolo kallar nemnda saman.

Vedtak: Alle val vart samrøystes godkjend med akklamasjon

9. Kåring av årets verksemd i Kvam 2017

Fuglafjell AS er peika ut til årets verksemd i Kvam i 2017. Styreleiar Jahn Brattli Tolo las opp grunngjevinga for utmerkinga og overrekte diplom og gåve til dagleg leiar i Fuglafjell as Håkon Hjartnes. Kvam Næringsråd takkar Sparebanken Vest for sponning av kostnadane med utmerkinga.

Møtet vart avslutta klokka 21:10.

Norheimsund 20. febr. 2018

.....
Georg Aarhus

.....
Martin Lunestad